

Forskarforbundet ved UiO  
NTL ved UiO  
Parat ved UiO  
Akademikarane ved UiO

Dato: 17.03.2021  
Dykkar  
ref.:  
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

### **Referat fra informasjons- og drøftingsmøte 17.03.2021**

Grunna Covid-19 vart møtet gjennomført via den digitale plattformen Zoom.

Frå organisasjonane

- Caroline Hals og Elin Arntzen – NTL
- Tina Næss (D-sak 1) og Helene Amundsen Nissen-Lie – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil og Maren Ringstad – Forskarforbundet
- Mari Gakkestad – lokalt hovudverneombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Anne Julie Semb - dekan
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Sakspapira til styremøte 19. mars: [Innkalling til møte i fakultetsstyret - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(uio.no\)](#)

### **Drøftingssaker**

1. Oppfølging av styresak av 17. desember 2020 om Arenas økonomiske situasjon  
Sjå O-sak 3 i sakspapira til styremøtet.

Dekanen orienterte i saka. Fakultetsleiinga gjennomførte digitalt allmøte med dei tilsette ved Arena 16. mars der mange deltok.

Akademikarane fortel om vedvarande uro, og at mange tilsette ikkje forstår prosessen og kvifor denne saka kjem opp på nytt. Denne saka er ikkje ny og må sjåast i samheng med prosessen som var i 2019.

Forskarforbundet seier at tilliten til fakultetsleiinga er låg blant dei tilsette ved Arena. Saka på



noverande tidspunkt framstår som uklår, det er kanskje eit halvår fram til det skal fattast vedtak i fakultetsstyret i denne saka, og dette er ekstremt krevjande for dei tilsette å leve med. Denne usikkerheita må fakultetsleiinga ta inn over seg, den skapar uro blant dei tilsette og difor er det naudsynt at fakultetsleiinga handterer denne saka med stor klokskap.

Dekanen meiner det er vanskeleg å seie noko om kva ein vil med Arena, før dei sjølv har sagt noko i denne saka. Det er av denne grunn at senteret fekk eit halvår på seg å laga ein plan for Arena og vegen vidare, og fakultetet avventar fram til denne er på plass. Deretter er det fakultetsstyret som skal fatta vedtak i denne saka.

NTL er samde med Akademikarane og Forskarforbundet, og uttrykkjer same uro på vegne av dei tilsette ved Arena.

2. Om karrierestøtte for vitenskapelig ansatte i tidlig karrierefase og bruk av åremål og midlertidighet blant vitenskapelig ansatte ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet  
Sjå D-sak 1 i sakspapira til styremøtet.

Dekanen orienterer om at det er nedsett ei arbeidsgruppe, kven desse er, og går deretter igjennom notatet med dei karrierestøttande tiltaka. Tiltaka skal diskuterast i instituttleiarmøte 18. mars, i fakultetsstyret 19. mars, i tillegg til at ein gjerne tek imot innspel frå organisasjonane.

Forskarforbundet seier innleiingsvis at dei er svært positive til at fakultetet jobbar fram karrierestøttande tiltak til denne gruppa og seier det står svært mykje bra i notatet. Det dei ser på som eit problem er at det er uklårt kven og når midlertidig tilsette får løyve til å søkja om eksternt finansierte prosjekt som medfører tilsetting i forskarstilling. Er det fakultetspolitikk, fagstrategiske prioriteringar lokalt eller individuelle forhold som avgjer? Dette er ikkje transparent og den enkelte veit ikkje om ein kan søkje og kva ein kan søkje på. Dette må tydeleggjerast.

Det at ein forskar vert fast tilsett utan forutgåande kunngjering er heller ikkje kontroversielt, då dette ikkje er ei kombinert stilling. Forskarar som vert tilsett fast utan kunngjering på ekstern finansiering, kan seiast opp etter faste reglar når arbeidsoppgåvene fell bort. Dei er dessutan i konkurranse når dei søkjer om desse midla og den faste stillinga er gyldig så lenge dei har finansiering.

Dekanen er ikkje samd med Forskarforbundet. Problemet er ikkje at forskarar blir tilsett i faste stillingar, men at ein tilset fast utan forutgåande kunngjering og konkurranse. Søknad om eksterne midlar er i realiteten første steg i ei tilsettingssak, noko som er krevjande då tilsettingsmynda ikkje er ein del av beslutningsprosessen på dette tidspunktet.

Det vert foreslått å arrangere eit eige IDF-møte om midlertidighet i april.

3. Handlingsplan for likestilling  
Sjå V-sak 5 i sakspapira til styremøtet.

Dekanen orienterer om arbeidet. Presiserer at det på noverande tidspunkt ikkje er innarbeidd punkt i planen knytt til mangfald. Dette heng saman med at universitetet sentralt jobbar med

dette, og når dette er klargjort i den sentrale likestillingsplanen, vil ein sjå på korleis ein skal inkorporere det i handlingsplanen lokalt.

4. Forslag til plan for gjennomføring av Arbeidsmiljø- og klimaundersøking (ARK) 2021  
Sjå O-sak 8 i sakspapira til styremøtet.

Fakultetsdirektøren orienterte om tidsplanen for arbeidet med ARK ved fakultetet.

Vernelinja er litt uroa over at dei tilsette skulle svare på spørjeskjema i andre halvdel i august, då dette er semesterstart og kanskje ikkje alle er attende frå ferie, men dei motset seg ikkje tidsplanen.

Organisasjonane er svært positive til at ARK no skal gjennomførast ved SV.

5. Organisering av IT-verksemnda ved UiO  
Sjå O-sak 10 i sakspapira til styremøtet.

Fakultetsdirektøren orienterte kort om saka.

Verneombodet stiller spørsmål om korleis dei IT-tilsette blir involver i prosessen og kva informasjon dei får.

Fakultetsdirektøren seier at det er viktig at informasjon som fakultetet går ut med til dei tilsette og i lokale IDF-møte er samkøyrte med det arbeidsgjevarsida og organisasjonane er blitt samde om sentralt ved UiO, sidan eigarskapen til prosjektet ligg hjå universitetsdirektøren. NTL ber fakultetet passe på at også ingeniørane ved PSI vert orientert om prosessen, sjølv om dei organisatorisk truleg ikkje skal overførast til sentral IT saman med dei andre IT-ingeniørane ved fakultetet.

## Informasjonssaker

- A. Fakultetsstyremøte 19. mars 2021  
Sakene vert lasta opp her i løpet av fredagen: [Innkalling til møte i fakultetsstyret - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(uio.no\)](#)
- B. Forlenging av postdoktorar og stipendiatar som følgje av koronapandemien  
Sjå O-sak 4 i sakspapira til styremøtet.

Fakultetsdirektøren orienterer om omfanget av forlengingar som er gitt til stipendiatar og postdoktorar som følgje av koronapandemien i 2020. Ein skil mellom automatiske forlengingar og forlengingar som vert gjeve etter vedtak i styra lokalt. Vidare reknar ein med at det vil koma fleire søknadar om forlengingar i 2021.

Forskarforbundet ber fakultetet ta kontakt med AP sentralt for å høyre om den same særordninga for automatiske forlengingar som ein hadde i perioden 13. mars til 1. juli 2020 er eller vil bli forlenga  
Dei påpeikar vidare at det ikkje er blitt handsama forlengingar av postdoktorar i styra, og ber

fakultetet sørge for at ordninga blir gjort kjent lokalt.

C. Oppussing ESH - flytting til mellombelse lokalar, smittevern mm

Fakultetsdirektøren orienterte om framdriftsplanane, og at ein på noverande tidspunkt held seg til den oppsette tidsplanen og at smitteverntiltaka ser ut til å fungere.

D. Strategi 2030

Sjå O-sak 5 i sakspapira til styremøtet.

Dekanen orienterte om at dette arbeidet er forsinka. Fakultetet hadde planlagt å arrangere eit strategiseminar, sidan det å kunne møtast fysisk og diskutere dette i ein uformell setting er viktig for å få ein god plan. Dette skal vera fakultetets strategi i dei neste 10 åra. Dekanen seier fakultetet kan lena seg på årsplanen fram til ein får ein ny strategiplan på plass.

E. Digital undervisning og heimekontor - status utstyrsbehov mm

Direktøren informerte om at det har vore noko udekte utstyrsbehov og manglande oppfølging frå lokal IT. I stor grad heng dette saman med at enkelte utstyrsleveransar har vore forsinka frå leverandør, men lokal IT kan kanskje også bli flinkare til å informere brukarane om kvifor ting tek tid.

NTL har fått meldingar om at spesielt dei som jobbar i mindre stillingsbrøkar har hatt problem då det har vore vanskeleg å få tildelt bærbar PC til utlån når ein har heimekontor. Fakultetsdirektøren kjenner ikkje til dette, men vil sjekka opp status med lokal IT.

F. Innmeldt sak om lokal språkpolitikk

Fakultetsdirektøren orienterer om at ein har byrja å sjå på saka ved fakultetet, og at også Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi har jobba med dette lokalt. Det humanistiske fakultet har jobba med språkkrav til internasjonale tilsette, kva som ligg i kravet og arbeidsgjevar sitt ansvar for tilrettelegging slik at dei tilsette får høve til å lære norsk. Prodekan ved HF var nyleg invitert til eit instituttleiarmøte ved SV og orienterte om arbeidet ved HF. Det er eit dilemma med at administrasjonsspråket er norsk samstundes som ein skal integrere framandspråklege nytilsette.

Forskarforbundet meiner at det er viktig at ein diskuterer desse dilemmaene, spesielt sidan UiO har som mål å verta eit internasjonalt universitet. Mange av stipendiatane og postdoktorane vert rekruttert internasjonalt, og desse har heller ikkje krav i stillinga om å lære norsk. UiO bør difor ha ein språkbruk som gjer at desse føler seg inkludert, både fagleg og sosialt. Vidare ber Forskarforbundet om at organisasjonane blir invitert inn i dette arbeidet, og at lokal språkpolitikk blir drøfta i IDF-møter.

G. Innmeldt sak om undervisningsrekneskapen under koronapandemivilkår

Forskarforbundet fortel at ein har fått på plass ei kompensasjonsordning for belastninga dei tilsette har hatt ved overgang til digital undervisning utanfor ordinær arbeidstid. Korleis har

fakultetet jobba med dette og har ein gjort noko med timerekneskapen?

Fakultetsdirektøren orienterer om at dette er sett opp som diskusjonssak i neste instituttleiarmøte. Fakultetet har relativt nyleg gjort eit omfattande arbeid med å revidera satsane i timerekneskapen, og ein vil sjå på om det ikkje er eit handlingsrom ein kan nytte i desse satsane, utan å skulle revidere dei på nytt.

Forskarforbundet ber om at denne saka kjem attende i IDF til drøfting med organisasjonane når fakultetet har eit forslag til korleis ekstrabelastninga skal kompenseras.

#### H. Personalsituasjonen

Assisterande fakultetsdirektør er borte fram til påske. Marie Johanne Talleraas har gått inn og held i ein del av dei faglege sakene, medan fakultetsdirektøren føl opp personalansvaret for dei tilsette i studieseksjonen.

Hanne Degerstrøm Ellingsen har byrja i stillinga som avdelingsleiar ved SV-info.

Med helsing

Gudleik Grimstad  
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

*Aud-Jorunn Sandal*

+4722858224, [a.j.sandal@sv.uio.no](mailto:a.j.sandal@sv.uio.no)